

ÅRSMELDING FOR LYE FORSAMLINGSHUS 2007 FORSAMLINGSSTYRET

Forsamlingsstyret er styre for alt fellesarbeid på Lye Forsamlingshus. Fellesarbeidet omfattar barnearbeid, ungdomsarbeid og vaksenarbeid, og er noko alle eigarane har del i. Mange tar del i dette arbeidet og gjer ein stor innsats og styret vil nytte høve til å rette ei stor takk til alle som har deltatt i dei ulik arbeidsgreinene dette året. Denne innsatsen gjer oss i stand til i fellesskap å drive eit arbeid mot den visjonen vi har sett: Alle på Lye skal bli betre kjende med Jesus Kristus.

Forsamlingsstyret fram til årsmøtet 2008

Liv Heidrun Skaar Heskestad	formann
Frode Skårland	nestformann og sekretær
Inger Birgitte Kverneland	styremedlem
Jorunn Ueland	vararepresentant
Gunnar Frøyland	prest
Ole Tørring	ungdomsprest

Forsamlingsstyret frå årsmøtet og ut 2008

Liv Heidrun Skaar Heskestad	formann
Frode Skårland	nestformann og sekretær
Vegard Hanssen	styremedlem
Margunn Salmelid	styremedlem, valt for eitt år
Gunnar Frøyland	prest
Ole Tørring	ungdomsprest

Forsamlingsstyret si oppgåve er å tene og leie forsamlinga. Overordna mål for arbeidet er å legge til rette for at visjonen skal bli nådd.

Forsamlingsstyret har i 2008 hatt 13 styremøte og behandla 57 saker.

Ungdomsarbeidet

Ungdomsarbeidet er del av fellesarbeidet på forsamlingsstyret, og er leia av ungdomsprest Ole Tørring. Forsamlingsstyret ønskjer å rette stor takk til Ole for det gode arbeidet han gjer blant ungdommane, og ei like stor takk til alle, både vaksne og ungdommar, som deltar i ulike tenestegrupper og oppgåver i ungdomsarbeidet.

Viktige saker i 2008

Viktige saker som styret har arbeidd med er lista opp punktvis. Nokre saker har utfyllande kommentarar.

Reveal – undersøking i regi av Willow Creek

Oppsummeringer av undersøkinga som skulle ta den andelege temperaturen på kyrkjelyden.

- Det er få ungdommar som har svart.
- Dei som går har høg utdanning.
- 1 av 3 er ganske nye i forsamlinga.
- Statistikken viser ikkje noko om vi har vakse. De nye som kjem er innflyttarar
- Det er tydeleg at utfordringar frå venner er det som gjer at folk begynner å legge vekt på trua
- Det er flest unge som blir nådd dersom vi ser på statistikkane. Viktig å satse på barne- og familiearbeid.
- Det er 90 prosent som regner seg som kristne i spørjeundersøkinga.

- Det er ganske mange som er villige til å gjere ein innsats for kyrkjelyden / Gud.
- Det er veldig mange av dei som har svart på undersøkinga som er med i grupper, men få er nøgde.
- Få er nøgde med tenesta si i fellesskapet .
- Mange vil ha hjelp til å forstå Bibelen betre.
- Dei som tilhøyrer gruppa "Growing in Christ", svarar at det er viktig at dei får hjelp til å kjenne at dei høyrer til i fellesskapet
- Tabellen for "Spiritual Practice" skulle vi ønske at hadde høgare tal.
 - Det er 42% som ber dagleg.
 - Det er 16% som gir tiende.
- Evangelisering scorar vi veldig lavt på.

Fokus på visjonen og strategiarbeid

Forsamlingsstyret har drøfta strategien og korleis ein kan legge til rette for at visjonen får stå meir i fokus. Global Leadership Summit gav inspirasjon til eit bønnetiltak som vart utforma hausten 2008.

Gruppearbeidet har og vore mykje drøfta; korleis det kan vitaliserast og gruppene vere det ein ønskjer; gudsnære, livsnære og inkluderande. Dette arbeidet vart ikkje ferdig i 2008.

Tenestegrupper

Arbeidet med organisering i tenestegruppene har halde fram, og forsamlingsstyret er overtydd om at dette er ein god måte å organisere arbeidet på. Det er eit mål at så mange som mogeleg i forsamlinga skal få tene i samsvar med nådegåvene sine og organisert slik at folk får tene i fellesskap med andre. Ingen skal stå aleine i ei tenesta. Det er forsamlingsstyret sitt mål at kvar tenestegruppe skal ha ein leiar som har ansvar for at tenestegruppa har både eit åndeleg og eit praktisk fellesskap.

Tenestegrupper som er i funksjon, leiar i parentes:

- Ungdomsarbeid (Asbjørn Brådland)
- Kreativ gruppe (Brit Ege Årsland)
- Prosjektor (Asbjørn Brådland)
- Lyd (Jone Ueland)
- Økonomigruppe (Leif Undheim)
- Gudstenesteutval (Liv Heidrun Heskestad)
- Sangteneste (Anna Bergitte Skårland)
- Dørteneste på søndagssamlingane (Ingjerd Finnbakk)
- Reinhold og innkjøp (Solveig Heggheim)
- Praktisk tenestegruppe for huset (Trond Heskestad)
- Bøneteneste (Vigdis Frøyland)
- Tenestegruppe for heimesida (Dag Henrik Fosse)

Tenestegruppe ein har arbeidd ein del med å få på plass, utan å lukkast så langt:

- Diakon / omsorgsgruppe

Ny heimeside for Forsamlingshuset.

Ny heimeside vart lansert i februar 2008. <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Gudstenester

Gudstenester annankvar søndag er hovudsamlinga for alle på Forsamlingshuset, for forkyning og fellesskap. Dette er ein viktig møteplass og målet er at gudstenestene skal fungere som ein inngangsport til fellesskapet på Forsamlingshuset.

Statistikk for 2007

	Tal på samlingar, inkl. 17. mai	Til stades, snitt	Til nattverd, snitt	Dåp
Gudstenester	23	127	87	6

Trusopplæring

Ungdomspresten er i 20% av stillinga si løna av trusopplæringsmidlar. Sjå eiga årsmelding for Trusopplæringa.

Samarbeid med Husstyret

Forsamlingsstyret har ikkje hatt felles styremøte med husstyret i 2008, men ein har likevel hatt god kontakt i saker der det var nødvendig.

Andre arrangement i 2008

- Global Leader Summit (GLS). 18 personar frå Lye deltok på GLS i Sandnes 17.-18. oktober.
- Forsamlingsstyret hadde ansvar for konfirmantfest i samarbeid med Time sokneråd, Husstyret og Ungdomsgruppa på Lye.
- Kyrkjelydstur til Brekko 8. september i samband med at Lye hadde ansvar for gudstenesta i Brekko kapell.

Liv Heidrun Skaar Heskestad
Leiar Lye forsamlingsstyre